

*Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa*

VURDERINGSRAPPORT VOSS BARNEHAGE



Voss barnehage

Styrar: Berit Ystanes, tlf.nr.:56 51 47 51/ 91874250
E-post: berit.ystanes@voss.kommune.no

Vurderingstema: Voss barnehage er ein lærande organisasjon

Dato for vurderinga 14. – 17.mars 2011

Innholdsliste

1 Føreord	3
1.1 Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling	3
1.2 Kven vurderar?	4
1.3 Fasar i vurderingsarbeidet	4
1.4 Mål	4
1.5 Rapporten	4
1.6 Barnehagevurdering	5
2. Fakta om barnehagen	5
3. Vurderingstema	6
4. Glansbilde.....	7
5. Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet	7
6. Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet	8
7. Vidare arbeid	25
Vedlegg 1 - Deltakarar i vurderinga.....	26
Vedlegg 2 - Tidsbruk.....	26
Vedlegg 3 - Tidsplan	27
Vedlegg 4 – Metodar.....	29
Dokument- og resultatanalyse	29
Kriterium og teikn på god praksis	29
Førebu barna.....	29
Samtaleguidar.....	29
Møte med føresette.....	30
Møte med styrar	30
Observasjon.....	30
Vedlegg 5 – Dette sa barna.....	30
Vedlegg 6 – Dette sa føresette.....	33
Vedlegg 7 – Dette sa personalet	35
Vedlegg 8 – Observasjonar	Feil! Bokmerke er ikke definert.

1 Føreord

1.1 Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt for skulane: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet. Likevel var signala der og oppmoding om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss vedtok difor i år 2000 å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Gruppa utvikla metodikken som vert kalla "Hardanger/Voss vurderingsmetodikk".

Med utgangspunkt i gode erfaringar med skulevurdering og ynskje om å laga tilsvarande vurderingsprogram for barnehagar, vart det sett i gang eit prosjekt med å tilpassa vurderingsverktøyet for barnehage.

Grunngiving av behovet finn ein også i Rammeplan for barnehage kap. 4.3. vurdering av arbeidet i barnehagen.

Rammeplanen seier: *"Vurdering som blir gjort tilgjengeleg for andre, kan bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen."*

Vidare: *"Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon."*

Skule- og barnehageansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at barnehagen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Lov om barnehagar §10 om kommunen sitt ansvar for tilsyn

1.2 Kven vurderar?

Vurderingsgruppa er sett saman av pedagogar i barnehagar frå Hardanger/Voss regionen. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og målet er at me skal vurderer dei kommunale barnehagane i regionen i løpet av 6år. Ekstern vurdering er og eit tilbod til dei private barnehagane. Ingen vurderer barnehage i eigen kommune.

1.3 Fasar i vurderingsarbeidet

- Barnehagen gjennomfører Ståstadsanalysen i god tid før vurderingsarbeidet tek til
- Barnehagen vel eit fokusområde for vurdering i samsvar med resultat frå ståstadsanalysen
- Arbeidet med ståstadsanalyse og ekstern vurdering må forankrast i personalgruppa og hjå barnehageeigar
- Barnehagen sender resultata frå ståstadsanalysen og bakgrunnsmateriell til vurderarane
- Vurderarane, førebur sjølve vurderinga av barnehagen. Utarbeiding av kriterium, metodeval og verkty vert tilpassa det barnehagen ynskjer fokus på
- Sjølve vurderinga vert gjennomført

- Etterarbeid, lokalt utviklingsarbeid for barnehagen.

1.4 Mål

Auka kvaliteten i barnehagen med fokus på barnet sitt beste

1.5 Rapporten

Vurderarane skriv rapport om resultatet av vurderinga på bakgrunn av dokumentasjonsanalyse, intervju med barn og personalet, møte med føresette og observasjon i barnehagen. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utviklingsområde barnehagen har. Den gir også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval og verkty.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilde av barnehagen, men er eit bidrag til kva barnehagen skal arbeida vidare med innan det fokusområdet som er vurdert.

Det er eit ynskje at dei reiskapar og metodar som har vore nytta skal overførast til det interne vurderingsarbeidet som barnehagen gjennomfører årleg.

1.6 Barnehagevurdering



2. Fakta om Voss barnehage

Voss barnehage er ein ny kommunal barnehage som ligg sentralt til på Tvildemoen. Barnehagen opna august 2009 og erstatta 3 mindre barnehagar . Voss barnehage er open 5 dagar i veka frå kl. 06.30 – 17.00.

Barnehagen har 108 barn i alderen 1 til 5 år, 36 under 3 år og 72 barn over 3 år. Voss barnehage er ein "open" barnehage der borna og dei tilsette er organisert i 5 aldersdelte grupper frå 16 til 28 barn i gruppene. I byrjinga og på slutten av dagen er alle i lag. Det er felles garderobe for alle barna der kvart barn har sin personlege garderobeplass og der "Torget" er informasjonsplass og møteplass ved levering og henting.

Voss barnehage har 36 tilsette, totalt 33,65 årsverk. Det er 17 pedagogar i barnehagen. Administrasjonstid er 1,75 årsverk; styrar, assisterande styrar og kontorarbeidar.

Barnehagen held til i eit nybygd lokale på 2 etasjar, og den inneheld m.a. 10 ulike leikerom, stort felles kjøkken, amfi og stor personalavdeling. I tillegg til barnehagebygget er det 2 sovehus. Barnehagen har ein fin leikeplass med diverse leikeapparat, akebakke og grindabygg. Det er turområde rett utanfor barnehagen.

Satsingområde for 2010-2011 er kulturelt mangfald.



Visjon: Voss barnehage er ein god stad for alle, med leik, latter og læring.

3. Vurderingstema

Voss barnehage har bede om vurdering på følgjande tema: "Voss barnehage er ein lærande organisasjon."

Som grunnlag for val av tema gjennomførte barnehagen Utdanningsdirektoratet sin ståstadsanalyse. Ein analyse som syner dei tilsette si vurdering av den noverande praksisen i barnehagen sett opp mot ein ideell situasjon; slik ein kunne ønskje at det var. Dei tilsette har kvar for seg teke stilling til påstandar som viser "teikn på god praksis" og samanlikna dei med arbeidskvardagen i eigen barnehage. Leiarteamet leiter etter mønster og diskuterte seg fram til ei samla vurdering av barnehagen sin ståstad. Gruppa kom fram til at barn sin medverknad, og barnehagen som lærande organisasjon peika seg ut som utviklingsområde. Av desse to områda kom barnehagen fram til at dei ønskja å prioritera temaet barnehagen som lærande organisasjon.

Glansbilde

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Kriterium og teikn på god praksis er henta frå lov om barnehage, rammeplan for barnehage, regelverk og barnehagen sine egne planar.

Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon i barnehagen, i tillegg til dei dokument som barnehagen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderarane og godkjende av barnehagen.





4. Glansbilde

Tema:

Voss barnehage er ein lærande organisasjon

Kriterium	Teikn på god praksis
<p>Barna</p> <p><i>"Kvaliteten i det daglege samspelet mellom menneska i barnehagen er ein av dei viktigaste føresetnadene for utviklinga og læringa til barna.</i> (Rammeplan for barnehage 2006, s. 50)</p>	<ul style="list-style-type: none">❖ Barna syner glede over å vere i barnehagen❖ Barna har godt samspel med andre barn og vaksne i barnehagen❖ Personalet deltek aktivt i barna sin leik og andre aktivitetar❖ Trivselen og utviklinga til barnegruppa og det enkelte barnet vert observert og vurdert fortløpande/heile tida.❖ Barna gir uttrykk for opplevingar, tankar og kjensler❖ Personalet lyttar til det barna formidlar, og barna sine erfaringar og synspunkt inngår i vurderingsarbeidet
<p>Føresette</p> <p>"Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas hjem." (Barnehagelova § 1 Formål)</p>	<ul style="list-style-type: none">❖ Føresette opplever at barna vert sett og respektert❖ Det kjem fram av årsplanen korleis barnehagen skal gjennomføra vurdering av verksemda: kva som skal vurderast, kva som er målet med vurderinga, kven som skal delta i arbeidet, korleis og når❖ Føresette får god og tilstrekkeleg informasjon om barnehagen sitt innhald❖ Føresette (foreldrerådet og samarbeidsutvalet) har reelt høve til å delta i planlegging og vurdering i barnehagen❖ Resultata av vurderingsarbeidet ligg til grunn for arbeidet med neste årsplan
<p>Personalet</p> <p>"Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet." (Barnehagelova § 2 Barnehagens innhold)</p> <p><i>"Kvalitetsutviklinga i barnehagen inneber ei stadig utvikling av kompetansen til personalet."</i> Rammeplan for barnehage 2006, s.16</p>	<ul style="list-style-type: none">❖ Personalet har god kjennskap til barnehagen sin årsplan og har felles forståing for mål og rammer for verksemda (felles standard)❖ Personalet har utfordringar i arbeidet, og er kjent med oppgåver og ansvar❖ Personalet gir kvarandre tilbakemelding på utført arbeid med respekt og vekt på positiv forsterking❖ Dei tilsette sin kompetanse er kjent og kjem til nytte i barnehagen❖ Leiinga og personalet er løysingsorientert
<p>Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet. (Barnehagelova § 2 Barnehagens innhold)</p> <p><i>"Som pedagogisk samfunnsinstitusjon må barnehagen vere i endring og utvikling. Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon, slik at han er rusta til å møte nye krav og utfordringar."</i></p>	<ul style="list-style-type: none">❖ Leiinga gir fagleg støtte og rettleiing til personalet (styrarar og pedagogisk leiing)❖ Det er sett av tid for personalet til å drøfta barnehagen sitt læringssyn❖ Det er sett av faste tider til fagleg og systematisk arbeid; refleksjon, drøfting, vurdering og planlegging av barnehagen sin mål, innhald, oppgåver og kvalitet❖ Barnehagen har systematisk og langsiktig plan for kompetanseutvikling❖ Barnehagen vurderar jamnleg eigen praksis og oppnådde resultat❖ Ny kunnskap og innsikt fører til kollektiv endring av praksis



5. Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet

"Kvaliteten i det daglege samspelet mellom menneska i barnehagen er ein av dei viktigaste føresetnadene for utviklinga og læringa til barna. (Rammeplan for barnehage 2006, s. 50)

❖ Barna syner glede over å vere i barnehagen

Dette er noko alle i barnehagen er einige om, både barn, personalet og foreldre. Barna fortel at dei har mest smilefjes når dei er i barnehagen, og det er fordi det er kjekt i barnehagen. Dei har det bra, og dei har mange kjekke ting som dei likar å leike med både inne og ute. Inne likar dei best å vera i amfi, våtrommet, datarommet og formingsrommet.

Personalet seier at barna er glade når dei kjem i barnehagen, og det er sjeldan dei ikkje vil i barnehagen. "Eg elsker å vera med dykk i barnehagen", sa ei jente ein dag. Strukturen som er no i barnehagen med aldersgrupper er meir hensiktsmessig, spesielt for dei yngste. Dei har behov for å bli meir avskjerma. Personalet opplever også færre konflikhtar mellom barna enn det ein opplevde i mindre barnehagar, spesielt hos jentene.

Alle foreldra var einige om at barna syner glede i barnehagen, og at strukturendringa i barnehagen har virka positivt for barna.

Vurderarane ser glade barn i leik og aktivitet både inne og ute.

❖ Barna har godt samspel med andre barn og vaksne i barnehagen

Barna fortel at dei har mange venar å leika med, og at dei har det kjempefint og bra når dei leikar saman med vennane sine. Dei ramsa opp namnet på alle jente- og gutevenane sine. Dei fortel at dei også har det bra og fint saman med dei vaksne i barnehagen.

Foreldra seier at det er fint at barna har mange å velgje mellom både av barn og vaksne. Det vil alltid finnast nokon til alle når gruppa er så stor. Det er bra med så mange fagpersonar i personalgruppa, og det er blide vaksne.

Personalet seier at barna har godt samspel med andre barn; dei knyte vennskap og dei har godt samspel med dei barna som dei er på gruppe med. Barna syner omsorg for kvarandre, og det er få konflikhtar mellom barna. Dette er noko barnehagen har jobba bevisst med mellom anna gjennom opplegget "Venskap" og "Reisa til Eritrea". Samspelet mellom barn og vaksne er bra, også med dei vaksne på andre grupper. Etter kvart som barna vert trygge i si gruppe, utvidar dei relasjonane sine. Personalet opplever få konflikhtar med barna, og det kan kanskje forklarast med at barna har stort "vengespenn" (stor plass å vere på).

Vurderarane har sett og opplevd mange fine samspelsituasjonar mellom barna og mellom barna og vaksne; både under måltid, i garderoben, leik inne og ute og i samling.

❖ Personalet deltek aktivt i barna sin leik og andre aktivitetar

Barna fortel at dei vaksne hjelper dei med alt mogleg. Dei vaksne ser til at barna har det bra og at dei ikkje slår seg. Av og til leikar dei med barna også, dersom dei ikkje er på pause. Dei vaksne er med og leikar når ikkje bestevenen er der.

Foreldra seiar at ein del av personalgruppa er aktive i leiken med barna, dei seier at det er mest mennene som er aktive med barna ute.

Personalet seier at dei er med å starte ulike regelleikar, og at dei er med barna i akebakken og i leik i sandkassen. Dei er aktive med barna inne og deltek i spel og diverse organiserte aktivitetar. Med dei yngste er det viktig at dei vaksne deltek saman med barna på golvet. Styrar seier at det er stor skilnad på korleis pedleiar er som leiar i si gruppe på dette område. Dette må dei ta vidare i sine grupper.

Vurderarane ser at dei vaksne fordelar seg rundt der barna er. Dei vaksne startar opp og deltek i ulike aktivitetar saman med barna. Me

har observert fin leik der både barn og enkelte vaksne har vore med; til dømes ein vaksen som leika med 1 åringar i amfi.

❖ Trivselen og utviklinga til barnegruppa og det enkelte barnet vert observert og vurdert fortløpande

Dette blir gjort seier personalet. Det er eit av vurderingsområda i årsplanen også. Personalet seier at dette er mykje lettare no etter omorganiseringa. Dei har større oversikt både overfor enkelt barn og heile barnegruppa. Enda lettare når aldersgruppa er delt inn i mindre grupper. Det er også ein stor fordel med primærbarn.

Foreldra seier at dette blir gjort i høve til enkelt barn

Vurderarane ser at barnehagen har lagt stor vekt på barna sin trivsel og utvikling både i planarbeid og opplegg. Barnehagen har gode opplegg for oppfølging av enkelt barn og for barn i "risikosona." Barnehagen har mellom anna innført PMTO. Vurderarane ser også i referata frå gruppemøta til enkelte av gruppene at enkelt barn vert diskutert og observert.

Barna seier at nokre av dei vaksne kjenner dei og veit kva dei likar å gjera på

❖ Barna gir uttrykk for opplevingar, tankar og kjensler

Nokon av barna seier i intervjuet at dei vaksne spør kva barna har gjort på, dei vaksne veit kva dei likar å gjera på og eit barn uttalte at det aldri var redd medan det er i barnehagen.

Dei tilsette opplever at barna fortel mykje, både om livet i og utanfor barnehagen. Tilsette på den minste gruppa seier at dei små ikkje fortel så mykje munnleg, men dei har eit tydeleg kroppsspråk som dei vaksne forstår. Dei tilsette seier at dei får god tilknytning med primærbarna sine og at dei får veldig mykje innspel frå primærbarna sine. Dei tilsette signaliserer at barna opnar seg meir medan dei er i små grupper.

Dei føresette høyrer igjen opplevingar frå barnehagen heime, for eksempel prosjektet om Eritrea og "Knut Knabb." Slike prosjekt syns foreldra det er veldig positivt at barnehagen arbeider med. Dei føresette gjev tilsette tilbakemelding om at barna er trygge og at dei vaksne er der for dei.

Vurderarane ser trygge barn som henvender seg til vaksne viss det er noko og gjer uttrykk for opplevingar og ting som har skjedd. Borna viser også kjensler til dei vaksne og henvender seg til dei tilsette viss dei har opplevd noko, både triste og glade opplevingar. Vurderarane såg i intervjuet og i samlingsstund at borna ynskjer å fortelja og i samlingsstunda sat dei andre og lytta til det borna fortalde.

❖ *Personalet lyttar til det barna formidlar, og barna sine erfaringar og synspunkt inngår i vurderingsarbeidet*

Gjennom intervjuet med barna kjem det fram at barna opplever at dei vaksne høyrer på det barna har å seia, det dei formidlar. Dette er ei oppleving dei føresette også har. Dei tilsette seier at dei høyrer på det barna seier, observerer dei og tek deira innspel og ynskjer med i det daglege viss det let seg gjera. Føresette kjem med innspel til dei tilsette via den daglege kontakten og på foreldresamtalar. Både føresette og dei tilsette er usikre på om det barna formidlar inngår i vurderingsarbeidet. Det er ikkje noko system på dette, i følge dei tilsette.

Kriterium 2: "Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas hjem." (Barnehagelova § 1 Formål)

❖ *Føresette opplever at barna vert sett og respektert*

Borna gjer uttrykk for at dei er kjent på heile huset, og at dei veit kvar dei høyrer til. Dei har mulighet til å "besøka" andre grupper/deler av barnehagen viss dei ynskjer.

Føresette seier at personalet er flinke til å følga opp spesielle behov og at dei er imøtekommande og hyggelege. Dei føresette er sikker på at barnet deira vert sett og respektert, dette kjem fram både av foreldremøtet og i brukarundersøkinga.

Personalet meiner også at dette stemmer. Personalet får tilbakemeldingar frå føresette om at dei har sett positive endringar etter omorganiseringa i haust, no veit dei føresette kven dei skal forhalda seg til. Borna verkar trygge på at dei vaksne passar på dei, og at vaksne er tilgjengelege viss dei treng ein vaksen.

Vurderarane ser og møter blide og dyktige tilsette som ser borna i Voss barnehage. Vurderarane ser at dei vaksne fordeler seg rundt på romma i barnehagen.

- ❖ Resultata av vurderingsarbeidet ligg til grunn for arbeidet med neste årsplan

Fleire av dei tilsette seier at vurderingsarbeidet ligg til grunn for arbeidet med neste årsplan. Dei tilsette tek med resultata av brukarundersøkinga når dei driv med årsplanarbeid.

Vurderarane høyrer at det er blitt vurdert mykje og dette kan ein sjå att i organiseringa i barnehagen. Det er blitt brukt mykje tid på å vurdere arbeidet og organiseringa i barnehagen. Barnehagen har vert drifta i 1 ½ år, og vurderingane som er blitt gjort undervegs ligg til grunn i årsplanen som er gjeldande dette året. Det har gått med mykje tid til å organiseringa det praktiske og barnehagebygget, her har det blitt gjort store endringar sidan oppstart grunna dårleg funksjonalitet.

Kriterium 3: "Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet."
(Barnehagelova § 2 Barnehagens innhold)

"Kvalitetsutviklinga i barnehagen inneber ei stadig utvikling av kompetansen til personalet." Rammeplan for barnehage 2006, s.16

- ❖ Personalet har utfordringar i arbeidet, og er kjent med oppgåver og ansvar

Dei pedagogiske leiarane føler at dei får mykje oppgåver og ansvar. Assistentane får planleggingstid og ansvar for å planlegga aktivitetar og samlingar.

Vurderarane opplever at det er stor fagleg dyktighet i personalgruppa. Vurderarane opplever ein del tilsette som tek utfordringar og er godt kjent med oppgåvene sine. Vidare ser vurderarane at det må vera eit skille på kven som skal ha ulike ansvarsområder og oppgåver blant dei vaksne på gruppene. Alle kan ikkje vera med å planlegga og diskutera alt og slik må det vera, pedagogisk leiar må ha det overordna ansvaret på si gruppe.

- ❖ Personalet gir kvarandre tilbakemelding på utført arbeid med respekt og vekt på positiv forsterking

Dei tilsette føler at dei er gode på å gje kvarandre tilbakemeldingar, både positiv og negativ. Dei prøver å gje tilbakemeldingar på heile huset og ikkje berre på si "gruppe". Leiinga får tilbakemeldingar frå, for eksempel sjukemelde, eller andre som har vore vekke, om at dei tilsette er flinke til å seia "positive kommentarar" til dei som er vekke. Dei tilsette seier at dei

er glade for at dei skal byrja med medarbeidar samtalar med pedagogisk leiar.

Vurderarane opplever at personalet har ein god tone seg i mellom og at dei gjer kvarandre tilbakemeldingar og kommentarar på arbeid som vert gjort.

❖ **Leiinga og personalet er løysningsorientert**

Dei tilsette viser stor pågangs vilje og vurderarane ser at det er lagt ned eit stort arbeid for at barnehagen er der den er i dag. Dei tilsette gjev uttrykk for at dei må forkusera på løysing og ikkje sjå problem i alt. Dette observerte vurderarane også, i kvardagen og i intervju/samtalar med dei tilsette. Dei tilsette seier at alle nivå bidreg til å vera løysingsorienterte.

Vurderarane opplever mange positive tilsette som er med på å sjå positive løysingar.

Kriterium 4: Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet. (Barnehagelova § 2 Barnehagens innhold)

”Som pedagogisk samfunnsinstitusjon må barnehagen vere i endring og utvikling. Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon, slik at han er rusta til å møte nye krav og utfordringar.”

❖ **Barnehagen vurderar jamnleg eigen praksis og oppnådde resultat**

Personalet seier at dei vurderer på pedleiar møte, samt dei nyttar resultat frå stasjonsanalysen, medarbeiarundersøkingar og brukarundersøkingar til vurdering.

❖ **Ny kunnskap og innsikt fører til kollektiv endring av praksis**

Dei tilsette arbeider med å få eit kollektiv syn på det å arbeide i Voss barnehage, kollektiv endring tek tid, men dei seier dei er komt eit godt stykke på veg. Dei har tilegna seg mykje læring. I samtalar med dei tilsette kjem det fram at det er nokon i personalgruppa som har ansvar for og spesial felt som dei interesserer seg for, dei vidareformidlar sin kunnskap til dei andre tilsette for eksempel på møter, eller i grupper.

Vurderarane såg for eksempel at PMTO metoden vert brukt i barnehagen, dette er det 2 tilsette som har hovudansvar for. Vurderarane opplever at

personalet er flinke til å sjå huset under eitt og prøver å nytta kunnskap som er innad i personalgruppa på heile huset.



6. Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Kriterium:

"Kvaliteten i det daglege samspelet mellom menneska i barnehagen er ein av dei viktigaste føresetnadene for utviklinga og læringa til barna. (Rammeplan for barnehage 2006, s. 50)

❖ **Personalet deltek aktivt i barna sin leik og andre aktivitetar**

Nokre av barna fortel at dei ikkje har leikt saman med dei vaksne. Dei vaksne leikar ikkje. Dei berre går rundt og rundt, og snakkar og snakkar når barna leikar. Dei ser på leiken. Dei gjør det same inne som ute.

Foreldra seier at sjølv om dei ser at enkelte vaksne er i aktivitet med barna, så kunne det vore betre. Det er for mange vaktar. Dei vaksne bør bruke mindre tid på å telje barna. Heller vere i aktivitet med dei.

Personalet seier også at dei må bli flinkare til å leike med barna. "Det er for mange vakter som tar oss bort frå leiken". Det er meir deltaking inne enn ute. Ute vert det ofte litt "friminutt". Dette må det jobbast meir med seier fleire av personalet. Ein av personalet seier at det er viktig at en sjølv set i gang leik og aktivitetar som er interessert i. Då vil barna kome automatisk. Då treng ein kanskje ikkje å bruke så mykje av ressursen til teljing av barn.

Vurderarane ser at mykje av vaksenressursen blir bunde opp i dei ulike vaktene. Det går ut over tid til leik og samvær med barna. Dei vaksne fartar mykje rundt omkring på ulike "oppdrag". Det kan virke litt kaotisk i overgangssituasjonar.

❖ Trivselen og utviklinga til barnegruppa og det enkelte barnet vert observert og vurdert fortløpande

Personalet seier at dei ikkje har like god oversikt over heile barnegruppa som dei har overfor enkeltbarn sjølv om det er blitt mykje betre etter omorganiseringa. Dei meiner at dei har for dårleg tid til det. Det er for lite tid til samsnakk med resten av personalgruppa.

Styrarane er usikker på om dette vert gjort systematisk på alle gruppemøta, men dei stolar på at det vert gjort.

Foreldra føler at dei veit for lite når det gjeld gruppene.

Nokre av barna seie at dei vaksne ikkje veit kva dei likar å leike med og halde på med. Dei vil heller ikkje fortelje det til dei vaksne.

Vurderarane meine at det kan vere vanskeleg å få tid til å observere enkelt barn og heile barnegruppa når det er så mange barn i gruppa og når barnegruppene er blanda saman ein god del av dagen. Då er det viktig å organisere meir i smågupper der ein får større oversikt og betre kontakt med kvart enkelt barn.

Vurderarane får opplyst av personalet at det er gruppemøte kva 5 veke medan styrarane og planen viser at det i tillegg til 1 time gruppemøte kvar femte veke er sett av tid til 1 ½ time gruppemøte på personalmøta ein gong i månaden. Ein time går fort, men med god møtestruktur og møtekultur kan dette vera ei god løysing med tanke på pedagogisk arbeid med drøfting, refleksjon og planlegging. Det krev god møteleiing, men også at alle deltakarane tar ansvar for å gjennomføra saklege og strukturerte møte.

❖ Barna gir uttrykk for opplevingar, tankar og kjensler

Nokon av barna seier i intervjuet at dei ikkje fortel så mykje i barnehagen, til dei vaksne. Eit barn uttalar at ingen vaksne høyrer på ho/han. Dei gav og uttrykk for at det ikkje var kultur for å snakka om for eksempel turar ein hadde hatt i etterkant av turane.

Føresette har og oppleving av at dette skjer.

Vurderarane ser og høyrer at barna gir uttrykk for opplevingar, tankar og kjensler i løpet av barnehagekvardagen. Vurderarane meiner at det bør arbeidast meir med dette og at personalet bør bygga vidare på det som

alt vert gjort i dag. Gjera borna bevisste på det å uttrykka seg om opplevingar, oppleve glede ved det og filosofera kring tankar og kjensler.

❖ **Personalet lyttar til det barna formidlar, og barna sine erfaringar og synspunkt inngår i vurderingsarbeidet**

I eit utsagn i eit intervju blei det sagt at dei byrja å jobba med barns medverknad då dei starta opp, men det gjekk ut grunna tid som gjekk vekk til å organisera kvardagen og å få bygget til å fungera. Ut i frå det som vert sagt her ser me at planane er der, men det er ikkje blitt systematisk praktisert. Vurderarane meiner at det er på tide å gripa fatt i dette no og setja fokus på barns medverknad og å laga eit system på at det skal inngå i vurderingsarbeidet.

Kriterium

"Kvaliteten i det daglege samspelet mellom menneska i barnehagen er ein av dei viktigaste føresetnadene for utviklinga og læringa til barna."
(Rammeplan for barnehage 2006, s.50)

❖ **Personalet deltek aktivt i barna sin leik og andre aktivitetar.**

Når me spør barna om dei vaksne deltek i leiken, blir fleire av dei usikre på kva me meiner og veit ikkje kva dei skal svara. Dei seier at dei vaksne går rundt og ser på leiken og passsar på barna. Dei brukar også uttrykk som at dei vaksne hjelper oss ute.

Dei tilsette fortel om store individuelle forskjellar, og at mennene utmerkar seg ved å vera flinke til å delta i leiken. Dei vaksne syner også lite fantasi når det gjeld å stimulera barn til å vera meir i rørsle, vert det sagt både av foreldre og tilsette. Fleire uttrykkjer at dei helst går og tel barn når dei er ute, men er meir aktive med tilrettelagte aktivitetar inne.

Vurderarane ser at personalet er aktive i vaksenstyret aktivitetar inne, medan dei er vakter som tel barn og ser til at barna har det bra ute.

❖ **Trivselen og utviklinga til barnegruppa og det enkelte barn vert observert og vurdert fortløpande/heile tida.**

Barna gjer uttrykk for at dei ikkje fortel personalet kva dei likar å gjera, og at dei ikkje trur dei vaksne veit noko om kva barnet ynskjer å driva med.

Foreldre seier at dette fungerer greitt i forhold til det enkelte barn, men at dei veit lite om korleis barnegruppa fungerer. Personalet seier at det ikkje vert jobba systematisk med dette fordi dei ikkje har tid, og at det er

problem med å formidla til alle på gruppa når ein har så sjeldan møte. Dei seier også at personalet har ulikt kunnskap om barns utvikling.

❖ **Barna gir uttrykk for opplevingar, tankar og kjensler.**

Barna gjer ulikt uttrykk for om kor mykje dei fortel. Eit barn seier at ingen vaksne lyttar. Eit anna barn fortel om at vaksne trur barnet ikkje likar noko som det faktisk likar: når gutane spring etter jentene. Barna seier at dei ikkje brukar å snakka om t.d. turar dei har vore på når dei kjem tilbake i barnehagen. Vurderarane er litt usikre på om barna skjøna spørsmåla me stillte under dette punktet, for det var fleire som gav få eller ingen svar. Men dei som svarte gav tydelege svar. Foreldra seier at barna er flinke til å fortelja, og dei drog særleg fram at dei fekk høyra mykje om prosjektarbeida Knut Knobb og Eritreaprojektet. Frå personalet vert det sagt at dei kanskje ikkje er nok tilgjengelege for barna. Dei mest pratsome barna får uttrykt seg uansett, men dei nemner også døme på barn som ikkje finn fram i barnehagen der personalet bør vera raskare til å fanga dette opp.

Kriterium

“Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas hjem.” (barnehagelova § 1 Formål)

❖ **Det kjem fram av årsplanen korleis barnehagen skal gjennomføra vurdering av verksemda: kva som skal vurderast, kva som er målet med vurderinga, kven som skal delta i arbeidet, korleis og når.**

Foreldra er usikre på føremålet med aktivitetar i høve til årsplanen, og om barnehagen gjennomfører det som står i planen. Personalet uttrykkjer at årsplanen inneheld for mykje informasjon og at innhaldet er for likt det som står i rammeplanen. Mange uttrykkjer at dei har for lite kjennskap til innhaldet i planen.

❖ **Føresette får god og tilstrekkeleg informasjon om barnehagen sitt innhald.**

Foreldra seier at dei har for lite kjennskap til årsplanen. Dei er ikkje nøgde med at dagsrapportane vert gitt på handskrivne lappar som kan vera vanskelege å tyda, samstundes vert det sag at dei kan ta meir ansvar sjølve for å lesa informasjonen som er tilgjengeleg. Dei meiner gruppene er ulikt flinke til å informera.

Personalet hevdar at foreldra får mykje informasjon, men kanskje for lite om kva barna er med på. Bilettdokumentasjon og at dei ser korleis barnet har det ved henting meiner dei fortel mykje om korleis barnet har det i barnehagen. Det er mange foreldre og kan vera vanskeleg å nå alle. Foreldra etterlyser vekeplanar for gruppene. På brukarundersøkinga skåra barnehagen lågt på dette punktet, og det meiner dei tilsette ikkje er tilfresstillande.

❖ **Føresette (foreldrerådet og samarbeidsutvalet) har reelt høve til å delta i planlegging og vurdering i barnehagen.**

Foreldra seier at dei ikkje blir involvert i årsplanarbeidet. og at dei gjerne vil delta i det.

SU og FAU var ikkje involvert i endringsarbeidet i fjor, og det ville dei gjerne vore delaktige i. Dei tilsette seier at barnehagen ikkje har eit fast opplegg for å involvera foreldra, og at det bør lagast eit system for dette. I dag har foreldre høve til å koma med innspel ved å putta forslag i ei postkasse.

❖ **Personalet har god kjennskap til barnehagen sin årsplan og har felles forståing for mål og rammer for verksemda (felles standard).**

Blant personalet blir det sagt at dei har lite forhold til årsplanen. Dei ynskjer å bli flinkare til å bruka denne, slik at dei lettare kan gjera konkrete endringar. Det varierer frå gruppe til gruppe kor mykje årsplanen er i bruk, og det blir stillt spørsmål om personalet har ei felles forståing av planen. Det blir brukt mykje tid på organisering, og det burde vore nytta meir tid til å forhalda seg til planar. Organisering for å få oversikt fører til mykje teljing av barn og at kreativiteten minkar. Enkelte stiller spørsmål ved om størrelsen på barnehagen gjer at ein må organisera meir. Informasjonen frå ped.leiarmøta må bli betre. Ped.leiarane gjer ulik informasjon, og nye avgjerder kjem for seint ut til personalet. Informasjonsflyten er ikkje god nok, og enkelte opplever at dei har mindre innflytelse enn dei hadde i mindre barnehagar på grunn av større hierarki.

❖ **Personalet har utfordringar i arbeidet, og er kjent med oppgåver og ansvar.**

Assistentane opplever at dei deltek mindre enn før og at tida vert brukt til organisering der assistentane ikkje deltek. Nokre meiner at dei ikkje får nytta kompetansen sin i stor nok grad, t.d. førskulelærar som står sovevakt i fleire timar. Det er flat struktur i arbeidet med barna, men ikkje

når det gjeld organisering. Det finst mykje kompetanse i personalgruppa som ikkje vert brukt. Assistentane bør få meir ansvar og oppgåver. Overvekt av førskulelærara fører til at andre må vera meir på "høgget" for å få oppgåver. Ped.leiarane må vera meir følsome og spørja andre om å ta oppgåver.

Vurderarane ser at det må arbeidast med haldninga til arbeidet med dei yngste barna. Personalet må i større grad sjå at dette er utfordrande og viktige arbeidsoppgåver.

Kriterium:

"Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet."

(Barnehagelova § 2 Barnehagens innhold) "Kvalitetsutviklinga i barnehagen inneber ei stadig utvikling av kompetansen til personalet." Rammeplan for barnehage 2006, s.16

❖ Dei tilsette sin kompetanse er kjent og kjem til nytte i barnehagen

Personalet seier at det finst masse kompetanse i personalgruppa som ikkje er kjent.

Personalet synest ikkje at dei får nytta kompetansen sin slik dei ønskjer. Pedagogisk personale peiker på den flate strukturen i arbeidet med barna og praktiske oppgåver i barnehagen. Pedagogisk personale skal gjennomføra alle praktiske oppgåver som til dømes å stå sovevakt i to timar ein dag i tillegg til det faglege pedagogiske arbeidet og pedagogisk rettleiing av personalet.

Styrarteamet har oversikt over den formelle kompetansen, men ikkje den uformelle kompetansen i personalgruppa. Dei har bede pedagogiske leiarar om å kartlegga dette, men dei har ikkje fått tilbakemelding og er usikker på om dette har vorte gjort.

Vurderarane ser at det er flat struktur i barnehagen, og at dette kan vera ei utfordring for pedagogisk leiing og rettleiing. Vurderarane ser at organiseringa av personalet gjer at alle dei tilsette gjer alt. Me ser også at barnehagen har personale med særlege interesser innafor ulike fag som ikkje vert nytta. Når alle gjer alt er det ingen som får tid til å jobba kontinuerleg og målretta med eit spesielt område som til dømes drama, kjøkkenhage, naturleikeplass, miljø og gjenvinning.

❖ Leiinga og personalet er løysingsorientert

Personalet seier at det er nokon medarbeidarar som har fokus på det negative og at dette har negativ påverknad på motivasjonen til alle tilsette.

Personalet gir uttrykk for at det er mykje møteverksemd og mange komitear (team) å forholde seg til, dette vert opplevd som tidkrevjande. Deler av personalet opplever styrarane som usynlege.

Personalet seier at det har vore mange problem med å få huset til å fungera teknisk og organisatorisk, dette har tatt mykje tid og ført til frustrasjon og medverka til at personalet kjenner seg mindre løysingsorientert.

Personalet seier at barnehagen har ein tendens til å rota seg inn i problema i staden for å sjå på løysingane.

Vurderarane ser at personalet har ein tendens til å snakka om problema og om ting som ikkje er mogeleg å gjennomføra i denne barnehagen i staden får å sjå på løysingar og ha fokus på det som er bra og kan forbeholdt.

Vurderarane ser at leiinga går ut av leiarteamet og snakkar om ting som ikkje er ferdig diskutert på leiarnivå med tilsette som tilhøyrarar.

Kriterium:

Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet.

"Som pedagogisk samfunnsinstitusjon må barnehagen vere i endring og utvikling. Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon, slik at han er rusta til å møte nye krav og utfordringar." (Barnehagelova § 2 Barnehagens innhold)

❖ Leiinga gir fagleg støtte og rettleiing til personalet (styrarar og pedagogisk leiing)

Styrargruppa har delegert ansvaret for rettleiing av assistentar, fagarbeidarar og førskulelærarar til pedagogiske leiarar. Gruppa pedagogisk leiarar seier at dette er noko dei ikkje gjer og at dei ikkje har sett av nok tid. Personal møta vert nytta til å diskutera praktiske ting. Fagarbeidarar, assistentar og førskulelærarar seier at dei ikkje får fagleg støtte og rettleiing i arbeidet. Assistentar og fagarbeidarar peiker på faren for å gå tom utan fagleg påfyll, kurs vert også sakna av denne personalgruppa. Styrarane vert sakna som synlege medarbeidarar.

Vurderarane ser ikkje at det vert gitt fagleg rettleiing på avdelingane i den korte tida dei har vore i barnehagen.

❖ Det er sett av tid for personalet til å drøfta barnehagen sitt læringsssyn

Personalet seier at dei ikkje har drøfta læringsssynet i Voss barnehage.

Vurderarane ser at tida frå barnehagen opna i august 2009 har tida gått med til organisering og få tekniske ting på plass, og at barnehagen manglar felles pedagogisk plattform. Ein føresetnad for ein lærande organisasjon er pedagogisk leiing, ikkje berre administrative tiltak. Ein lærande organisasjon er ikkje noko ein er, men ein kontinuerleg prosess der ein kontinuerleg betrar si evne til å skapa si eiga framtid. Det krev at det finst felles visjonar, system som styrer ein mot felles mål, modellar som styrer ein mot måla og er grunnlag for felles refleksjon læring og utvikling. Målbare og oppnåelege mål gir personalet moglegheit til å reflektera over om dei lukkast noko som igjen kan vera mentale modellar og grunnlag for motivasjon og utløyning av mentale ressursar og positiv forsterking. For å få dette til krev det meir enn tydeleg leiing, dei tilsette må samarbeida og kvar einskild må vilja læra, kunna læra og vera villig til endring.

Vurderarane ser at ein del av personalet vurderer Voss barnehage opp mot dei "gamle" barnehagane sine. Det er bra og ta med seg kunnskap og kompetanse som ein kan nytta i den nye barnehagen, men ein må vera merksame på at refleksjon og gode intensjonar som ikkje fører til handling kan vera øydeleggande fordi det kan spreia seg til ei kjensla om at ingenting nyttar. Medan refleksjon over praksis som fører til etablering av ny praksis eller forsterking av det som alt fungerer bra er medverkande til læring og utvikling, og er til organisasjonen sitt beste.

Vurderarane har sett at barnehageeigar, Voss kommune, ikkje har prioritert det pedagogiske innhaldet i arbeidet med å etablera ein ny og stor basebarnehage. Styrarteamet i Voss barnehage jobba som styrarar i barnehagar som skulle avviklast og verta slått saman til ein stor barnehage helt fram til dei flytta inn i den nye Voss barnehage i august 2009. Styrarteamet hadde ikkje fått tid til å arbeida med det pedagogiske innhaldet som verdiar, læringssyn og metodar før barnehagen vart starta opp drifta og brukarane var på plass. Etter oppstart har mykje av tida til leiinga gått med til utvikling og ending på eit organisatorisk nivå. Dette viser at barnehagen har gjort store endringar i høve til organisering og at dei har evne til å endra og utvikla seg og etablera ny kollektiv praksis til organisasjonen sitt beste. Dette er positive eigenskapar som organisasjonen vil kunna dra nytte av i arbeidet med å skapa ein felles pedagogisk plattform.

- ❖ Det er sett av faste tider til fagleg og systematisk arbeid; refleksjon, drøfting, vurdering og planlegging av barnehagen sin mål, innhald, oppgåver og kvalitet

Personalet seier at det er sett opp faste tider til systematisk pedagogisk arbeid, men at tida vert nytta til diskusjon av praktisk organisering. Dette

medfører at dei ikkje får tid til det faglege innhaldet og eit ønskje om meir tid sjølv om dei meiner at mykje av tida går med til møteverksemd.

Personalet seier at det ikkje er alle dei pedagogiske leiarane som tar ansvar for formidling av felles informasjon frå leiarmøta til gruppenivå.

Vurderarane såg at mykje av møtetida vert nytta til å organisera personalressursen og barnehagelokalet til barnas sitt beste.

Me såg at barnehagen er prega av ein flat struktur med mange teamnivå for at alle leiarane skal få delta på same nivå. Dette medfører at mange veit litt om alt og ikkje nok om noko. Det kan også medføra ineffektivitet og uttydeleg leiing der tida går med til diskusjon i staden for refleksjon, handling og utvikling av verksemda. Styrarteamet må vurderer organiseringa av leiargruppene og velja den mest hensiktsmessige organiseringa ut frå organisasjonens beste.

På pedagogisk leiarmøte såg me også at det var eit godt fagleg innhald med diskusjon rundt innhaldet på planleggingsdagen i mars. Styrarteamet delegerer ansvaret for fagleg diskusjon og førebuing i heile organisasjonen til dei pedagogiske leiarane på gruppenivå, men er usikre på om alle tar ansvaret som pedagogisk leiar og gjer dette.

❖ Barnehagen har systematisk og langsiktig plan for kompetanseutvikling

Personalet har ikkje kjennskap til om barnehagen har ein langsiktig plan for kompetanseutvikling.

Leiinga opplever at kommunen sin kompetanseplan for barnehagane ikkje er langsiktig. Det er nye satsingsområde kvart år noko som ikkje gir rom for læring, kollektiv endring og utvikling på organisasjonsnivå. I tillegg til at barnehagane skal arbeida med å auka kompetansen på satsingsområda skal dei vera ferdig evaluert innan året er omme.

Vurderarane ser at kommunen har ein plan for pedagogisk utviklingsarbeid for barnehagane i perioden 2011 – 2015. Kommunen viser til sju tema som krev vidare innsats. Av desse er prioriteringa for 2011 – 2015 utvikling av eit godt oppvekst-, utviklings- og læringsmiljø i barnehagar og skular. Vidare inneheld planen ei lang liste over verkemiddel som kan nyttast, målgruppe, tiltak, tidsplan, ansvar, merknadar, og litt om vegen vidare for barnehagane som seiar at kvar barnehage skal utvikla strategiske mål for eiga verksemd som bygger på føringar i den kommunale strategiplanen.

Informasjon om gjennomførte tiltak viser at barnehagane har hatt ulikt fokus på tidlegare utviklingsarbeid i barnehagane.

❖ Barnehagen vurderer jamnleg eigen praksis og oppnådde resultat

Personalet føler at det er fokus på for mange ting på ein gong.

Personalet vurderer eigen praksis i kvardagen, men ikkje opp mot årsplanen og oppnådde resultat.

Leiinga er usikre på om årsplanen vert nytta som eit styringsdokument i personalet.

Leiinga peiker på at barnehagen er prega av flat struktur og ineffektivitet i høve til å ta avgjersler og gjennomføra endringar.

Vurderarane ser ikkje dokumentasjon som viser at barnehagen vurderer eigen praksis og oppnådde resultat i høve til mål for verksemda.

❖ Ny kunnskap og innsikt fører til kollektiv endring av praksis

Personalet seier at faglege dagskurs ikkje fører til endring.

Det er og fokus på for mange utviklingsområde om gongen, det vert for masse og vanskeleg å konsentrera seg. Personalet peiker på at storleiken på barnehagen gir større rom for å vera usynleg og moglegheita til å ikkje fylgje opp kollektiv bestemming.

Personalet meiner også at pedagogiske tenester, barnehageeigar, har høge mål for personalet i barnehagane. Måla samsvarar ikkje med satsinga og tida barnehagane har til disposisjon for å implementera satsingsområda og få til kollektiv endring av praksis i barnehagen.

Vurderarane ser at planlegging og refleksjon over praksis vert kopl opp mot felles mål som grunnlag for refleksjon og utvikling av den pedagogiske verksemda i høve til omgrepet omsorg på leiarnivået, men personalet og leiinga gir signal om at det er ulik praksis på korleis dei pedagogiske leiarane føl dette opp på gruppenivå.

7. Vidare arbeid



Oppmod styrar til å sei noko om vegen vidare, overlevering av stafettpinne

6 månadar etter barnehagevurderinga finn stad, vil styrar rapportera attende til barnehagesjef/barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Stad, dato

Namn vurderar

Namn vurderar



Vedlegg 1 - Deltakarar i vurderinga

Interne:

- 12 fem åringar,
- 10 føresette,
- 9 assistentar/fagarbeidarar
- 6 pedagogisk leiarar og 6 førskulelærarar
- Assisterande styrar og styrarassistent

Eksterne:

- Ingunn Mo, Sigrun Fosså Rykkje, Bjørg Eilertsen Haukeland og Marianne Meling.

Grunngiving for val av informantar:

Rammeplan for barnehage seier at barnehagen skal vera ein lærande organisasjon. Det er viktig å involvera dei partar vurderingsområdet gjeld; barn, føresette, og personale. Det valde vurderingsområdet vedkjem alle partar i barnehagen.

Vedlegg 2 - Tidsbruk

Det er avsett ei veke til å vurdera ein barnehage. Det inneber i hovudsak ein startdag der vurderarane møter barnehagen for fyrste gong for avklaring og planlegging. Dette kan vera eit fysisk møte eller telefonmøte. Under sjølve vurderinga, er vurderarane i barnehagen i inntil tre dagar. Barnehagen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I førekant og undervegs førebur vurderarane informasjon, metodar, verkty og driv informasjonsarbeid og oppsummeringar. Styrar vert oppdatert om arbeidet heile vegen.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på tre dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.



Vedlegg 3 - Tidsplan

TIDSPLAN for vurdering av Voss barnehage, Voss kommune

Dato/veke	Tid	Aktivitet	Ansvar
03.12.2010		Vurderingsgruppa vert etablert	
2mnd. før vurdering		Telefonkontakt med styrar i barnehagen, informasjon om metoden, ståstadsanalysen og vurderingsprosessen	Vurderar, Bjørg
26.01.2011		Senda relevant dokument frå barnehagen	Styrar
Innan 08.02.2011		Informasjon til vurderarane - fakta om barnehagen, skiftleg (e-post) - foto av barnehagen til rapporten si framside (sjå evt. www.kometanseregion.no)	Styrar
26.01		Laga tidsplan	Vurderarane
15.01.2011		Informasjon til barnehagen via e-post: 1. om ståstadsanalysen 2. oppgåver og ansvar knytt til ekstern vurd.	Vurderar, Bjørg
		Laga presentasjon av vurderarane, til barna	Marianne
		- Presentera prosjektet for personalet i barneh.	Styrar
Januar 2011		- Avtala vurderingsveke, veke 11, med styrar	Vurderarane
		-	
Innan 04.02.2011		- Barnehagen gjennomfører ståstadsanalysen - Styrar sender over analysen, vurderingstema - Vurderarane vil delta i møter og må difor få oversikt over møteverksemda for veke 11.	Styrar
Innan 18.02		- Laga glansbilete - Senda glansbildeframlegg til styrar i Voss barnehage	Vurderarane, Marianne sender til bhg
Tilbakemeld. frist! Innan 25.02.2011		- Styrar diskuterer glansbildeframlegget med personalgruppa og returnerer innspel, framlegg til endring, kommentarar, eller ei godkjenning innan 13.02.2011	Styrar
Innan innan veke 11 26.02.2011		Laga - intervjuguidar: føresette, personalet, barna - innkalling foreldremøte, senda til styrar	- Sigrun - Bjørg
28.02.2011		- Senda ut innkalling foreldremøte	- Styrar
Innan v 11		- Laga observasjonsskjema - Rapportmal og PowerPointmal	- Marianne
Vurderingsveke: 11 - 14. – 17. mars 2011			
13.03.2011		- møtes på Park ca. kl. 19.00 - finpussar planane for veka, arbeidsfordeling	Vurderarane
14.03.2011	kl 08.00	1. Koma i barnehagen: Kort presentasjon i barnehagen, og informasjonsutveksling/oppdatering med styrar. Gjera avtalar med styrar	1. Vurderarane 2. Styrar
	kl 09.00	2. Vurderarane vert presentert for barna i ei samling	3. Vurderarane 4. Vurderarane
	kl 13.00	3. Observasjon fram til klokka 13.00	5. Vurderarane
	Kl 14.30	4. Intervju med eit utval pedagogar 5. Kort rapport til styrar/ass. styrar. Avtala tid &	6. Vurderarane

	kl 20.00 - 21.30	rom for intervju 6. Foreldremøte klokka 20.00 – 21.30 (Personalet deltek ikkje) - Etterarbeid	
15.03.2011	kl 08.30 kl 10.00 (til mat) kl. 13.00 kl. 14.00	- Observasjon - Barnesamtale - Observasjon (evt. forts. etter mat) - Intervju med eit utval assist. - Kort rapport til styrar/ assisterande styrar. - Etterarbeid	- Ein vurderar pr.gr - Vurderarane
16.03.2011	Kl 08.30 Kl 12.00 Kl 13.00 Kl 14.00	- Observasjon - Intervju m/ styrar og assisterande styrar - Gi kort rapport til styrar - Etterarbeid	- Vurderarane - -
17.03.2011	Kl 14.00 Kl 17.30	- Ferdigstilling rapport, - Informasjon om rapporten til styrar - Personalmøte – leggja fram rapportane	- Vurderarane -
Innan 17.09.2011		- Rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen vil arbeida med utviklingsområda - Orienterer det politiske fagutvalet	Barnehagestyrar

Vedlegg 4 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta og intervju 5-åringane og eventuelt 4-åringar, eit utval av føresette i barnehagen og eit utval av personalgruppa; pedagogar, assistentar og fagarbeidarar. Det kan også vera aktuelt å gjennomføra observasjonar blant barn og tilsette i barnehagen.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til barnehagen, og på korleis barnehagen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen i denne barnehagen er følgjande metodar nytta: observasjon, intervju, samtalte og dokumentanalyse.

Dokument- og resultatanalyse

På førehand, etter barnehagen hadde gjennomført ståstadsanalyse og før vurderarane vitja barnehagen, sende barnehagen relevante dokument til vurderarane. Til dømes arbeidsplanar; årsplan, verksemdsplan, fagplanar, halvtårsplan, månadsplanar, vekeplanar, møteplan og kompetanseplan. Resultat av brukarundersøkingar blant barn, føresette og personalgruppa, medarbeidarundersøking.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderarane utarbeidde forslag til eit glansbilde med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i rammeplan for barnehage -06, barnehagelova med forskrift og barnehagen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta i barnehagen. Barnehagen godkjende desse utan endringar.

Førebu barna

For å førebu barna på det som skulle skje sende vurderarane ein presentasjon av seg sjølve til barnehagen før vurderinga.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarane i førekant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis førskulebarn, føresette, assistentar/fagarbeidarar og pedagog

Møte med føresette

Ein føresetnad for god barnehageutvikling er god dialog mellom heim og barnehage. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med føresette. Barnehagen har 96 barn og alle foreldra fekk innkalling til møte, av desse møtte 10 foreldre deriblant representantar frå FAU og SU. Dette er ikkje eit representativt utval, men me vel likevel å nytta det som kom fram på møtet som ei vurdering frå føresette.

Møte med styrar

Styrar har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som barnehagen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med styrar dannar grunnlag for gjensidig forståing av barnehagen sin no- situasjon og for vidare arbeid.

Observasjon

Me observerte i kvardagssituasjonar inne og ute. Sidan dette er ein stor barnehage har me valt å vera fire vurderarar. Dette har gitt oss høve til å gjera observasjonar på alle aldersgruppene.




Vedlegg 5 – Dette sa barna

Kriterium

"Kvaliteten i det daglege samspelet mellom menneska i barnehagen er ein av dei viktigaste føresetnadene for utviklinga og læringa til barna.

(Rammeplan for barnehage)

Teikn m/ spørsmålsguid	Dette sa barna
<p>1. Barna syner glede over å vera i barnehagen</p> <p>Fortel meg kva ansikt har du mest av når du er i barnehagen?</p>  <p>Fortel meg kva du liker best å driva på med?</p>	
<p>2. Barna har godt samspel med andre barn og vaksne i barnehagen</p> <p>Fortel meg kven du leikar med i barnehagen</p> <ul style="list-style-type: none"> - Barn ...korleis har du det då? - Vaksne ...korleis har du det då? 	
<p>3. Personalet deltek aktivt i barna sin leik og andre aktivitetar</p> <p>Kva gjer dei vaksne i lag med barna?</p> <p>Fortel kva dei vaksne gjer når barna leikar ...når barna maler, vever, teiknar, turnar, spar sand, leiker gøym og leit</p>	
<p>4. Trivselen og utviklinga til barnegruppa og det enkelte barnet vert observert og vurdert fortløpande/heile tida.</p> <p>Fortel korleis du har det inne i barnehagen Fortel korleis du har det ute i barnehagen</p> <p>No har du fortalt meg..... fortel du dette til nokon i barnehagen?</p> <p>Er det nokon som veit kva liker å gjera på?</p> <p>Er det noko du treng øva på/læra meir om?</p>	
<p>5. Barna gir uttrykk for opplevingar, tankar og kjensler</p> <p>Av og til blir eg veldig glad/trist/sint/redd</p> <ul style="list-style-type: none"> - har du vore det? - Kven pleier du å snakka med når du er trist og lei? - Kven fortel du det til når du er veldig glad? - Er det nokon som høyrer på deg når du vil fortelja om det? Barn/vaksne - Fortel meg korleis du har det då? 	

6. Personalet lyttar til det barna formidlar, og barna sine erfaringar og synspunkt inngår i vurderingsarbeidet

Pleier de å snakka om det de gjer på i barnehagen?

Når de har vore på tur pleier de å snakka om turen etterpå?

Vedlegg 6 – Dette sa føresette

Set opp punkt som de meiner Voss barnehagen er flink til	▪ ▪ ▪
Set opp punkt som de meiner barnehagen kan bli flinkare til	▪ ▪ ▪
Set opp punkt som foreldra kan bli flinkare til	▪ ▪ ▪
Teikn på god praksis - spørsmål	Dette sa føresette
Kriterium - Barna <i>”Kvaliteten i det daglege samspelet mellom menneska i barnehagen er ein av dei viktigaste føresetnadene for utviklinga og læringa til barna.</i> (Rammeplan for barnehage 2006, s. 50)	
1. Syner barna glede over å vere i barnehagen?	
2. Har barna godt samspel med andre barn og vaksne i barnehagen?	
3. Deltok personalet aktivt i barna sin leik og andre aktivitetar ?	
4. Observerer personalet trivselen og utviklinga til barnegruppa og det enkelte barnet fortløpande/heile tida?	
5. Gir barna uttrykk for opplevingar, tankar og kjensler?	
6. Lyttar personalet til det barna formidlar? - Er barna sine erfaringar og synspunkt ein del av vurderingsarbeidet i barnehagen?	
Kriterium - Føresette <i>”Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas heim.” (Barnehagelova § 1 Formål)</i>	

<p>7. Opplever føresette at barna vert sett og respektert</p>	
<p>8. Kjem det fram av årsplanen korleis barnehagen skal gjennomføra vurdering av verksemda?</p> <ul style="list-style-type: none"> - kva som skal vurderast, - kva som er målet med vurderinga, - kven som skal delta i arbeidet, korleis og når 	
<p>9. Får føresette god og tilstrekkeleg informasjon om barnehagen sitt innhald?</p>	
<p>10. Har føresette (foreldrerådet og samarbeidsutvalet) reelt høve til å delta i planlegging og vurdering i barnehagen ?</p>	
<p>11. Ligg resultata av vurderingsarbeidet til grunn for arbeidet med neste årsplan?</p>	

Vedlegg 7 – Dette sa personalet

Kriterium - Barna

"Kvaliteten i det daglege samspelet mellom menneska i barnehagen er ein av dei viktigaste føresetnadene for utviklinga og læringa til barna.
(Rammeplan for barnehage 2006, s. 50)

8. Syner barna glede over å vere i barnehagen?	
9. Har barna godt samspel med andre barn og vaksne i barnehagen?	
10. Deltok personalet aktivt i barna sin leik og andre aktivitetar ?	
11. Observerer personalet trivselen og utviklinga til barnegruppa og det enkelte barnet fortløpande/heile tida?	
12. Gir barna uttrykk for opplevingar, tankar og kjensler?	
13. Lyttar personalet til det barna formidlar? - Er barna sine erfaringar og synspunkt ein del av vurderingsarbeidet i barnehagen?	

Kriterium - Føresette

"Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas heim." (Barnehagelova § 1 Formål)

14. Opplever føresette at barna vert sett og respektert	
12. Kjem det fram av årsplanen korleis barnehagen skal gjennomføra vurdering av verksemda? - kva som skal vurderast, - kva som er målet med vurderinga, - kven som skal delta i arbeidet, korleis og når	
13. Får føresette god og tilstrekkeleg informasjon om barnehagen sitt innhald?	
14. Har føresette (foreldrerådet og samarbeidsutvalet) reelt høve til å delta i planlegging og vurdering i barnehagen ?	
15. Finns det samarbeid mellom føresette og barnehagen?	

